

Fjell kyrkjeblad

Utgave 4
2014

Å tene kvarandre med glede

Side 4



Godheit i Fjell

Side 8



Spanande T-dag

Side 10-11



Kluzz i kyrkja

Side 5

UTGJEVAR Fjell sokneråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 5 gonger i året og kostar kr 150,- pr. år. For utanbygds: kr 200,-.

Bankgiro, Kyrkjebladet
8580.14.09461

Bankgiro, Fjell sokneråd
8580.14.09453

Ansvarleg redaktør
Annlaug Børve

Redaktør og grafisk design
Margit Liljan Apelthun

Trykk
Bodoni AS

Forsidebilde
Ingalis A. Malmo

Kyrjekontoret
Postboks 184,
5342 Straume

Telefon
55 09 74 40

Epost
post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

www.fjell-kyrkjelyd.no



Ei glede i å tene andre

Ein solrik sommar er på hell, og i Fjell har vi no starta opp med haustens mange aktivitetar.

Det er mykje som skjer i kyrkjene. Her er det gudstenester og arrangementer, ungdomsklubb og familiesamlingar, kreative grupper og bibelgrupper, barnekor og vaksenkor.

Når det er så mykje som skjer, treng vi òg at mange er med og bidreg med dei naturgåvene og nådegåvene dei har. Fyrst då får Jesus setje saman kyrkesamfunnet vårt slik Han vil at det skal vere. Kyrkja er bygd opp av levande byggesteinar – truande menneske som finn saman i kjærleik til kyrkjas herre, Jesus sjølv.

I andakta på side 3 kan du lese om kyrkja sin herre, Jesus Kristus, som har garantert for oss med sitt eige liv. I ei uroleg verd er det godt å vite at du er trygg i Guds varetekt. At du har ein Far i himmelen som elsker deg meir enn du anar.

Til saman er vi mange som kjenner at vi høyrer til i kyrkja i Fjell. Men når vi er så mange, er det ikkje alltid like lett å

bli godt kjent, eller å vite korleis ein kan vere med å bidra. Difor oppfordrar vi deg som ikkje har engasjert deg i Fjell kyrkjelyd enno, til å lese igjennom aktivitetane du finn på siste sida. Sjå om det er noko du har lyst å vere med på.

Det kan vere å koke kaffe eller bake kake til kyrkjekaffien, eller vere medhjelpar på ein av dei mange T-dagane i kyrkja. Kanskje du har ein hobby du har lyst å dele med ei gruppe konfirmantar? Kanskje du kjenner at du vil vere med å be for arbeidet i kyrkjelyden?

Skulle du ønskje å bidra med noko som du ikkje finn bladet, eller på nettsida www.fjell-kyrkjelyd.no, ta kontakt med kyrjekontoret.

På side 4 kan du lese intervju med frivillige medarbeidarar som finn glede i å vere med i ulike aktivitetar.

Det fins også ulike kurs og arrangement som du kan ha glede av å melde deg på. Og ikkje minst ønsker vi deg vel møtt til å delta på gudstenestene i dei tre kyrkjene våre – Fjell, Landro og Foldnes. Oversikt over aktivitetar i Fjell sokn finn du på siste side. **MLA**

INNLEVERINGSFRIST for annonser og kunngjeringar til oktoberutgåva av Fjell kyrkjeblad: 22. september.

saman med 120 songarar frå Bjørgvin kyrkjesongforbund, syng me **Mozart Requiem** :
Laurdag 25.oktober kl. 17.00 i Erdal kyrkje
og
Søndag 26.oktober kl 17.00 i Skjold kirke
Entré.
Velkomen!
4 solistar frå Griegakademiet.
Musikk: Markus Malmgren - orgel (frå Sibeliusakademiet/Finland)
Dirigent: Gro Anthun.

Raude lapper på graver

Det er no festa raude lappar på ein del graver på kyrkjegardane i Fjell. Dette er graver vi manglar oppdaterte festarar eller kontaktpersonar til. Dei som eventuelt steller grava, eller kjenner til den, ber vi om å ta kontakt med Fjell kyrjekontor.

FJELL SOKNERÅD

Vi ønskjer kontakt med fester/ansvarleg for denne grava

KYRKJEKONTORET

Telefon

55 09 74 40

e-post

post.kyrkja@fjell.kommune.no

«I am the safe!»

Det var tidleg på 90-tallet, og eg var med ei gruppe prestar på studietur til Samos og Patmos – øyer i Egeerhavet.

Vi vart innkvartert på et lite, familiedrive hotell og ein brunbarka gresk vert tok imot oss i resepsjonen.

På 90-talet var bankkort lite utbredt i Hellas, så vi hadde fått beskjed om å ta med norske hundrelappar for veksling til lokal valuta om vi ville handle souvenirar. Ein kollega hadde ein heller tjukk bunke med strikk rundt då han på engelsk spurte mannen bak disken om dei hadde ein safe der han kunne deponere seddelbunken. Grekaren svarte bekräftande på spørsmålet og pengebunken skifta hender. Då grekaren drog ut ei treskuff under disken – utan lås og slepte seddelbunken ned – spurte kollegan min vantru: «Er det safen?». Det var då den greske hotellverten med eit lurt smil peikte på sitt kvite T-skjortebryst og uttala orda: «I am the safe!» Han sto inne for tryggleiken med sin eigen person!

Tematikken for studieturen var den siste boka i Bibelen – Johannes Openberring, eller rettare, som det står i innleiinga til boka: «Dette er **Jesu Kristi** openberring som Gud gav han (Johannes) ...»



Som førebuing til professoren si første førelesning skulle vi lesa det første kapitlet av boka. Eg gjorde mi «heimelkse» og då eg las – møtte eg orda som Jesus seier til apostelen Johannes på øya Patmos:

«Ver ikkje redd! Eg er den første og den siste og den levande. Eg var død, men sjå, eg lever i all æve, og har nøklane til døden og dødsriket» (Op 1,18).

Då eg las dette, tenkte eg med ein gong på orda som nett var uttalt av grekaren nede i resepsjonen og eg fekk lyst til å innleme ordet «I am the safe» – som eit av de mange «eg er»-orda som Jesus sa. Vi minnest: «Eg er den gode gjetaeren», «eg er porten», «eg er vegen, sanninga og livet», «eg er oppstoda og livet», «eg er livsens brød» og fleire. Han kunne ha sagt: «I am the safe!»

Jesus står inne for sine lovnader, med sin eigen person. Vi kan stole på han i liv og i død. Han er vår tryggleik! Bodskapen til Johannes og til oss er: «I am the safe!»

Dirfor kan vi fortsatt syngje med påskesalmen sine ord:

*Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære –
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.
(NoS 187,3)*

Av prostiprest Helge Unneland
unnel@online.no

innhold

Side 4 Kvhfor engasjerer du deg?
Side 5 Kyrkjemiddag og fellesskap
Side 7 Samlivskommunikasjon

Side 8
Side 10-11
Side 12

Godheit i Fjell
T-dagane
Gudstenesteoversikt

«Eg har ei tenesta stor for Gud ...»

Kyrkjebladet har spurt tre spørsmål til nokre som er engasjerte i frivillig teneste her i Fjell.

1. Kva er du med på av frivillig teneste? 2. Kvifor engasjerer du deg i slikt arbeid?
3. Kva gir det deg å være med?



Audhild Engelsen

1. Eg er engasjert i frivillig teneste i Fjell kyrkje, som kyrkjevert tre til fire gonger i semesteret, og så har eg kyrkjekaffi to til tre gonger i semesteret. Dessutan er eg frivillig medarbeider på retreatkveldar i Fjell kyrkje om-

lag ein gong i månaden. I tillegg så er eg frivillig medarbeidar i Misjonselskapets (NMS) sin gjenbruksbutikk på Møvik.

2. Eg er med i frivillig teneste fordi eg på den måten kan vere aktiv i fellesskapet i kyrkjelyden. Eg gjer teneste der det er eit behov. Som kyrkjevert skal eg syta for at folk skal kjenne seg velkommen og inkludert når dei kjem til gudsteneste. Retreaten er eg med på slik at kyrkja kan tilby ei stille stund i kyrkjerommet for dei som treng det. Ei stund for ettertanke, der ein får gå inn i Guds Ord. Gjenbruksbutikken er eg med i fordi den bidreg med pengar til misjonen, og den er ein flott møteplass for folk som er opptatt av gjenbruk.

3. Eg har stor glede av å vere med å bidra til at Guds rike får virka iblant oss, slik at vi står saman som ein stor søskenflokk. Gud er oppdragsgeveren i all kyrkjeleg teneste. Difor vil eg seie med salmediktaren Mathias Orheim: «Eg hev ei tenesta stor for Gud, frå dag til dag i det stille». Det er givande å stå i ei enkel teneste som likevel er viktig i ein større samanheng.



Rune Straume

1. Eg er med på bedehuset på Vindenes, der eg er kasserar i styret. På bedehuset er eg med på ulike arrangement, med å lede møter og halda i trådane. Eg er også innom barneforeninga og hjelper til omlag ein gong i månaden. I til-

legg er eg med i styret i NMS si fellesforeining i Fjell. I den samanheng fekk vera med å starta opp gjenbruksbutikken på Møvik. Tidlegare var eg med og hjelpte til i ungdomsklubben på Landro, men det er eg ikkje no.

2. Eg har alltid likt å vere med å ta ansvar. Det har andre gjort før meg, og eg har hatt stor glede av det. Det er viktig å ha gode tilbud til barn og ungdom, der dei kan ha det kjekt i lag og få samtaler og utfordringar på tru og tvil. Då eg vaks opp gjekk eg på søndagsskulen på Brattholmen bedehus. Der fekk eg ballast i livet. Misjonsperspektivet fekk eg inn i 9-10 årsalderen, då eg drog på leirar på Kvamskogen. Det førte til mitt engasjement for NMS. Og då eg vart ungdom var eg aktiv i TenSing og Lukas. No er det kjekt å bidra til at neste generasjon får oppleve det same som eg.

3. Det gleder meg å sjå at folk finn seg til rette i eit kristent miljø. Det å sjå at ungdomar tek steget vidare i si eiga tru. At vi kan hjelpa kvarandre og bry oss om kvarandre på det praktiske plan, det gir meg mykje. Vi er nokre som starta ei bibelgruppe, men vi er blitt ein vennegjeng som gjer også mykje anna i lag sosialt, som å dra på turar og feriar i lag.

Aasny Lie Theis

1. Eg er medliturg i Fjell kyrkje ca. kvar sjetete veke. Medliturg betyr at eg hjelper til i gudstenesta. Eg les teksten og tek del i liturgi og nattverd. Eg er også med som frivillig i reumatikerlaget sitt ettermiddagstreff, der eg lagar kaffi og vaflar annankvar onsdag.

2. Motivasjonen min er at eg er vaksen opp med at alle må hjelpe til der det trengst. Då dei spurte om eg ville bli tekstlesar i gudstenesta for 6-7 år sidan blei eg veldig glad. Då



kom eg inn i denne tenesta som eg kan halde på med så lenge eg vil.

3. Det er godt å bli rekna med og kunne bidra med noko. Det gir meg ein god følelse og det betyr mykje å høyre til i ein samanheng. Det er også godt å få gode tilbakemeldingar. Når folk har sagt til meg at bibelteksten har blitt heilt ny for dei når eg les den, kjenner eg at eg blir glad og takknemleg.

Middag og fellesskap i kirken

KM Kluzz er et lavterskeltilbud der alle kan komme og spise middag sammen i kirken. Her får de gjøre kjekke aktiviteter sammen og gjerne få utvidet nettverket sitt. KM Kluzz avsluttes alltid med andakt i kirkerommet.

– Det ligger mange gode tanker bak KM Kluzz fra det ble startet av ildsjeler for over ti år siden i Foldnes kirke, forteller Hilde Wergeland som gir seg som leder for arbeidet hun har hatt ansvar for i to år.

KM Kluzz arrangeres i samarbeid med kirkekontoret. Rannveig Vestbøstad Vik fortsetter som ansatt derfra, sammen med de frivillige. Men det skal komme en nyansatt som skal ta over Hildes stilling der.

Kirkemiddag

– De som går på KM Kluzz kommer med tilbakemeldinger om at det er kjekt å komme dit, fordi de kan spise god, rimelig middag med dessert sammen med andre, gjøre hyggelige ting sammen med barna og samtidig få med seg Guds ord.

– Det kommer ca. 70 små og store på Kluzz hver gang. Det er ingen påmelding, så det kan være en utfordring å beregne mat. Men så langt har ingen gått sultne hjem, forteller Hilde.

Mange som kommer på KM Kluzz i Foldnes kirke går ikke i kirken ellers.



Hilde Wergeland.



Småbarnsfamilier

Wergeland har kombinert jobben i KM Kluzz med å være koordinator i Home Start Familiekontakten.

– Før jeg ble ansatt, var jeg med som frivillig i en årrekke. Det var også veldig kjekt, og kan anbefales!

– Vi har kontor i samme lokaler som Åpen barnehage på Helsehuset på Straume. Jeg setter disse tre tilbudene til småbarnsfamilier i sammenheng. Jeg

synes det er kjekt å se at småbarnsfamilier, både norske og fra andre land benytter seg av de gratistilbudene som Fjell KM tilbyr.

Flere har kommet på Kluzz sammen med en frivillig fra Home Start.

– Det er viktig å understreke at Kluzz ikke bare er for småbarnsfamilier. Det er veldig kjekt når besteforeldre kommer på KM Kluzz både med og uten barnebarn, sier hun.

– Jeg har tre barn selv, og jeg vet at hverdagen kan innhente oss med kjøring hit og dit til treninger og aktiviteter. Mine barn sier at det er kjekt å komme rett fra skolen og barnehage til ferdig middag, og aktiviteter på samme sted. Det blir en annen ro over ettermiddagen, og en felles aktivitet for hele familien.

Videreutdanning

Hilde Wergeland skal nå jobbe litt mer med Home Start, i tillegg til at hun skal ta en videreutdanning for å bli familieterapeut.

– I Home Start Familiekontakten jobber jeg sammen med Brynhild Eide. Familiekontakten tilbyr frivillig støtte og praktisk hjelp til småbarnsfamilier, som selv opplever at de er i en vanskelig livssituasjon og ønsker hjelp.

– Du kan lese mer om Home Start på hjemmesidene våre, avslutter Hilde Wergeland.



Eit tilbod til alle mellom 0 til 100 år

Har du lyst til å ete deilig middag og dessert sammen med andre i Foldnes kyrkje annankvar tysdag i haust? Og kanskje du har lyst til å bli med på nokre av dei kjekke aktivitetane vi har på KM Kluzz, for eksempel familiespeiding, knøttesong, forming eller spel? Eller kanskje du har ei interesse du kan dele med andre på Kluzz desse tysdagane?

Kom og bli med! Kyrkja er open frå klokka 15, for dei som har lyst til å

gjere lekser i kafeen. Middagen startar klokka 16.30, og vi rundar av med ei kveldsavslutning i kyrkjerommet klokka 18.30. KM Kluzz er ferdig klokka 18.45.

KM Kluzz kostar ingenting å vere med på, men for middag/dessert betaler ein kr 20,- for barn og kr 40,- for vaksne. Det er Fjell KFUK/KFUM i samarbeid med kyrkja i Fjell og mange frivillige medarbeidarar som driv KM Kluzz. Velkommen!

I haust blir det Kluzz desse tysdagane:

16. sept.
30. sept.
14. okt.
28. okt.
11. nov.
25. nov.
30. nov.



Juleavslutning og adventsgudstjeneste, første søndag i adventstida.

Takknemlig tilbakeblikk

En epoke i livet mitt er over. Slik er det. Jeg har sagt opp stillingen min som kyrkjelydspedagog i Fjell etter femten gode og spennende år. Det kjennes rart, og det kjennes riktig. Det ordet som først dukker opp når jeg nå skal få skrive en liten hilsen, det er ordet TAKK. Jeg har fått så mye mer enn jeg har gitt. Og jeg kjenner på en stor takknemlighet.

Knut og jeg arbeider nå i Sjømannskirken på Lanzarote. For tre år siden kastet vi anker og ville prøve oss i Sjømannskirken. Det er både kjekt, utfordrende og spennende. Og vil fortsette.

Når jeg tar et tilbakeblikk på alle årene som ansatt i Fjell, er det mye som dukker fram. Alt med takk som fortegn, faktisk!

Takk for tilliten med å være redaktør i Kyrkjebladet i ti år.

Takk for frihet og anledning til å bruke meg selv, og til å utvikle pedagogiske opplegg både sammen med kollegaer og frivillige. Takk for alle gode opplevel-



Anne Ludvigsen Kaldestad arbeider på Lanzarote saman med ektemannen Knut.

ser gjennom arbeidet i samarbeid med skoler og barnehager. Alle møter med barna og pedagogene vil jeg alltid bære med meg som en skatt.

Skoletimer i alle femteklassene på skolene med «Vandring gjennom Bibelen», påske- og pinsevandringar. Vandringar på gravplassene med første-

klassene, julegudstjenester og festivaler. Skule-kyrkje-utvalet. «Godly Play»-samlinger og barnekor, andakter på ungdomsklubber og basarer. Et stort spekter!

Takk for stille retreatkvelder i den vakkre Fjell kyrkja og for fargerike utstillinger i Landro. Takk for gudstjenestefelleskap og kollega-felleskap i særklasse.

Takk at jeg også har fått være med å sjøsette T-dagene sammen med T-dags teamet i en viktig tid.

Framfor alt er det enkeltpersoner og ansikter jeg vil takke for. Korte og lange samtaler og møtepunkt som har vært viktige og beriket meg. Mange av dere har lært meg så mye. Faglig som menneskelig. Jeg sier med Paulus:

«Jeg takker alltid min Gud når jeg tenker på dere alle, og husker på dere i mine bønner».

All lykke til med liv og fellesskap i Fjell vidare.

Anne Ludvigsen Kaldestad

KONSERT

SOLVEIG LEITHAUG

Solveig Leithaug

M/BAND

EDVARD MJANGER, BASS
HANS OLAV MOLDE, TROMMER
INGRID MJANGER MOLDE, KOR
KARI JULIANN HENDERSON, KOR

FJELL KYRKJE

Søndag 12. oktober kl. 19.30

Billetter: kr. 200,- (Student kr. 100,- Familie kr. 500,-)

Salg på **billettService.no** eller ved inngang.

Dørene åpner kl. 19.00

Arr.: Musikkutvalget i Fjell

Solveig Leithaug til Fjell

Søndag 12. oktober blir det konsert med Solveig Leithaug i Fjell kyrkje.

Det er nær 30 år sidan Solveig Leithaug (48) debuterte som plateartist. Den siste plata hennes, «Finding Home» (2013), inneheld 13 sanger, 11 sjølvskrivne.

Solveig har budd i USA i 20 år, dei siste åra i Nashville, Tennessee. Ho er godt etablert musikal i fleire kristne miljø, og har blant anna vunne den Nashville-baserte Gospel Music Associations Dove Award som «International Artist of the Year». Trass i amerikansk suksess, har ho aldri svikta sitt norske publikum. Solveig fortolkar gamle og velbrukte salmer og åndelige sanger på ein måte som kjennes forfriskande. Ho kan med rette kallast ein sjangerover-

skridande artist, og ho har latt seg inspirere av alt frå keltisk folkemusikk, country, bluegrass og roots til jazz og klassisk musikk. I seinare år har hennar samarbeid med det musikalske ekteparet Gloria og Bill Gaither ført Solveig i ei ny retning. Gaithers' legendariske Homecoming-innspelningar er gjengangarar på Billboard-lista. Det har også tatt henne til countryens storstove, Grand Ole Opry – ein stad kor svært få nordmenn har stått på scenen.

Under haustens konsert vil Solveig syngje sanger frå si siste plate, i tillegg til eit knippe av hennar klassikarar frå tidlegare album.



Ønsker du god kommunikasjon i samlivet?

Kommunikasjonskurset PREP kan hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt, og gir dem et verktøy til å forbedre kommunikasjonen.

PREP-kursene setter søkelyset på det som kan styrke forholdet. På et kurs er det både humor og alvor. Det vil handle om kjærlighet, forventninger, glede moro og vennskap, men aller mest om god kommunikasjon.

Målet er at par skal lære å kjenne igjen hva slags konflikter som kan skade forholdet, og få noen verktøy til å forbedre kommunikasjonen og til å løse problemer.

Virker PREP?

PREP stimulerer par til å ta opp viktige samtaleemner og behandle dem på en god måte. Studier viser at par som har gått på PREP-kurs har opptil 50 prosent større sannsynlighet for å forbli i parforholdet og være tilfreds med det, enn par som ikke har fått denne kunnskapen og treningen.

Egeninnsats er avgjørende for å få utbytte av et samlivskurs. Det blir satt av tid til parvise samtaler og øvelser underveis i programmet. For å skjerme parenes privatliv er det ikke lagt opp til gruppearbeid.

Er dere interessert?

Vi arrangerer nytt kurs i Vesthordland prosti:

Mandagene 27. oktober, 3. og 10. november.

Tidspunkt: kl.1 7.30-22.00. Vi serverer middag fra kl. 17.30. (Inkludert i prisen) Undervisningen starter kl. 18.00.

Sted: Menighetssalen i Fjell kirke

Pris: Kr. 1500 pr par. Prisen inkluderer to kursbøker.

For informasjon og påmelding:

Soknediakon Torbjørn Fjøren.

Telefon: 922 95 377

E post: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Påmelding innen mandag 13. oktober.

For mer informasjon om PREP:

www.kildehuset.no/samlivskurs/

Sotra Reviderte

**Vokalensemblet Sotra Reviderte
Haust 2014**

Hovedsatsing for hausten er framføring av W. A. Mozart's Requiem saman med fleire kor i Bjørvin Kirkesangforbund.

Framføringane finn stad **siste helg i oktober** i Erdal kirke, Askøy, og Skjold kirke, Bergen.

Ein konsert er òg planlagt å finne stad i Foldnes kyrkje

Søndag 8. mars 2015.

Fleire viktige datoer:

Søndag 2. november kl. 20.00:

Evensong etter anglikansk tradisjon i Fjell kyrkje.

Tirsdag 16. desember kl. 20.00:

Julekonsert i Fjell kyrkje

Søndag 21. desember kl. 17.30:

«Vi syng jula inn» i Fjell kyrkje.

1. juledag kl. 12.00:

Høgtidsgudsteneste i Fjell kyrkje.

Vil du vere med i Sotra Reviderte?

Du er hjarteleg velkomen!

Ta kontakt med:

Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988

TV-aksjon for rent vann

19. oktober skal landet «støvsuges» for penger som skal gi rent vann til en million mennesker.

Norske menigheter spiller en stor rolle i denne viktige saken.

TV-aksjonen går i år til Kirkens Nødhjelp. Kirker og menigheter startet Kirkens Nødhjelp i 1947 og er eiere av organisasjonen den dag i dag. Hvert år er kirker og menigheter en viktig støtte for TV-aksjonen i sitt lokalmiljø, om de gir kollekt, verver bøssebærere eller organiserer bøsseutdelingen på aksjonsda-

gen. Målet er å slå alle rekorder når det gjelder engasjement for TV-aksjonen, som i år feirer 40-årsjubileum.

Kirkens Nødhjelp har laget ei pakke med artikler, bilder, logo og bannere til bruk i menighetsblader og nettsider. Synlighet for å verve bøssebærere og skape engasjement er noe av det viktigste man kan bidra med før aksjonsdagen 19. oktober!

Du kan lese mer om TV-aksjonen på kirken.no

«Godheit Fjell» – ikkje noko tull!

«**Dette var GØY!**», kjem det kon-
tant frå ein dugnadsgjeng etter å
ha vaska bilar ein heil laurdags for-
middag.

Barn, vaksne og ungdomar sette av ein heil fredag og laurdag formiddag til å vaske og rydde, male og klippe plen, bære og sjaue, steike vaflar og koke kaf-fi. Hovudsakleg var det ein god gjeng frå Metso (Metodistkirken på Sotra) og Fjell kyrkjelyd som bokstavig talt drog på seg «Godheits t-skjorta» og som berre let skitne klede og oppvask heime vere. Dei ønskte fyrst og fremst å få gjere noko for andre denne dagen.

«**Er det tull? Vaskar dokkar bilen gratis? Utan skjult agenda?»**

Det var vanskeleg å tru for nokon. Godheit-bevegelsen ønskjer å gjere Guds godheit tilgjengeleg for folk, og det gjer dei sjølv sagt gratis og utan skjult agenda.

«Det er jo fantastisk!», er den spontane reaksjonen dugnadsfolket får når dei seier at dei berre ønskjer å spreie godheit.



Glede

Godheit og glede heng i saman, og glede var det Sylvi Spjeld (74) kjende på då terrassegjerdet hennar vart malt.

– Eg kunne ikkje klart det åleine, seier den engasjerte dama, som jobbar på for å halde den fine heimen og hagen i stand.

Å få meir enn vi gjev

Dugnadsfolket fekk òg erfare kor kjekt det var å vere saman om slike jobbar. Dei fekk møte nye menneske og samstundes bli betre kjende med kvarandre.

– Eg har fått mykje meir enn det eg

sjølv har gitt, seier ungdomsarbeidar Kristine Rykkje Hopland.

Ungdomsprest Maria Tveten nikkar bekreftande og forklarar:

– Fellesskapet, arbeidet og faktisk også den gode følelsen av å leggja seg med maling i håret var veldig gøy, seier Maria og ler.

Dei ønskjer at slik godheit er noko vi skal vise heile året. Dette var likevel eit stunt fordi utifrå det planlagde er det lettare å gjere spontane ting!

– Og så fekk vi gjort ganske mykje på to dagar, seier Kristine Rykkje Hopland avslutningsvis. RED.

MILK MiniLeiarKurs for konfirmantar 2014

Vil du vere med på nokre samlingar til hausten og neste vår saman med andre Fjell-ungdommar?

Kanskje vil du vere med i noko av kyrkja sitt ungdoms-
arbeid, f.eks. TenSing Lukas, KRIK, Ungdomslaurdag i
Foldnes eller Landroklubben? Eller finne ut litt meir om det
å ta ansvar i eit miljø eller å leie andre?

Mulig du vil lære meir om trua di ... og ha det gøy og so-
sialt med andre!

MILK er:

- Ein del av kyrkja sitt ungdomsarbeid T16, T17, T18
- Seks samlingar med interessante tema i løpet av året.
- Weekend i januar
- Adventsfest og sommarfest
- Praksis tilpassa deg, f. eks. leiar på T-dagar, konf. helg, Ungdomslaurdag i Foldnes, KRIK Ulveseth, styrearbeid i Landroklubb eller TenSing Lukas.
- Supert fellesskap



Tema

Samarbeid og organisering, kristen tru, leiaransvar, kyrkja/ungdomsarbeid, kommunikasjon, deg sjølv og andre ...

Du får ein MILK-attest etter kurset som vil vere nyttig t.d. når du vil søke jobb.

Påmelding på epost til: astrid@t-dagen.no

Håper vi ser deg!

Helsing Maria (ungdomsprest), Astrid (kyrkjelydspedagog), Kristine (ungdomsarbeidar)

MILK-kurset startar 11/9.

Kursdatoane for hausten: 11/9, 14/10, 12/11.

Sommarfest for ungdommane i Fjell

14. juni vart det, i år som i fjor, arrangert sommarfest i Foldnes kyrkje for ungdommane i Fjell kyrkje-lyd. Dette gjer vi fordi vi ynskjer å feire dei flotte og unike ungdommane vi har her i Fjell!

Vi leikte leiker ute i det fine vêret og engasjementet var stort. Kjekkast av alt var nok såpefotball! Mange bada og vi grilla og koste oss.

Gode ord

Annbjørge Utvik Gudmundsen og Karoline Bjørling heldt ein andakt som handla om at alle menneske har sine styrker og svakheiter, og korleis Gud kan snu vår svakheit til styrke. Dei snakka om kor verdifulle vi er i Guds auge og kor viktig det er at vi vågar å seie gode ord til kvarandre. Dei avslutta med at alle fann små hjarteklistremerke under stolane, som vi klistra på kvarandre følgt av gode ord. Ei fin stund!

Kursbevis

Dei ungdommane som har gått på Minileiarkurs (MILK) fekk også utdelt kursbevis.

Etter andakt og utdeling av kursbevis hadde vi ei stille stund i kyrkjerommet, eller mingling i kafeen – alt ettersom kva den enkelte ynskje.

Lyd- og lysshow

Kvelden vart avslutta med K&D rave. Og det var berre heilt vanvitig kult (til og med for oss vaksne)! Kristen Kvalheim (K) og David Kvamme Høvik (D) hadde rigga opp eit stort lyd- og lysanlegg for anledninga. Midt på scenen



lyste korset fram! Dei spelte, dansa og hadde lysshow. Det såg ut som at alle ungdommane hadde det heilt toppers der dei hoppa, dansa og lo!

Gudsteneste

På søndag avslutta vi heile feiringa med Ung Messe i Fjell kyrkje. Gudstenesta var flott, med mellom anna danseinnslag frå TweensDans, song frå Lukas TenSing, og vel gjennomførte oppgåver frå så mange andre. Forutan Gud, som er den som ber alt, så bar ungdommane denne gudstenesta, og det var veldig fint å vere med på.

For ei helg og for nokon ungdommar! Eg gler meg allereie til neste år!


Takk

Årets sommarfest for ungdommane i Fjell 15. juni markerte i år (dessverre) avskjed med vår kjære Andreas Danbolt, og (heldigvis) Freedom Dance med Kristen og David (feat. Morten Undal). Neste år er det kanskje blitt en tradisjon? Takk for ei flott helg, no gler vi oss til adventsfesten 13. desember!

AAM

Nytt ungdomsråd i Fjell

Lørdag 14. juni ble det avholdt Ungdommens soknemøte, hvor vi blant annet valgte et nytt ungdomsråd. Fra venstre: Elias Kvamme Fjeldstad, David Kvamme Høvik, Solveig Myskja, Kristen Kvalheim, Knut Erling Gammelsæter, Olav Arne Myskja, Julie Mæhlum og Jenny Sophie Tufft Torsvik.



T6 – Skulestartdag



Når: 19., 20 og 21. august
Kvar: Foldnes, Landro og Fjell kyrkje
Kven: [...] ferske førsteklassingar med stolte foreldre og føresette
Tema: Sakkeus og «ny start».



T7 – 7 år og andreklassing?

Søndag den 28. september er vi klare for ny **T7-dag!** For åttande gong blir det **pilegrimsvandring langs den gamle kyrkjevegen frå Morland til Fjell**. Registrering på Morland frå kl **11.00**.



Vi får høyre pilegrimsforteljingar, opplever forskjellige stasjonar i grupper og et neste saman. Ved målet i Fjell kyrkje skal vi mellom anna sjå film, og det blir litt å bite i. Vi inviterer foreldre og søsken til **Pilegrimsmesse i kyrkja kl. 16.00**. Vent på T7-helsing i postkassa, og gå inn på www.t-dagen.no for meir informasjon om påmelding og program. Får du ikkje T-helsinga? Ta kontakt med ein i T-teamet på kyrkjekontoret: Ring **55 09 74 40** og spør etter Astrid, Elisabeth eller Rannveig.

T4 – Mi kyrkjebok



Søndag 7. september blir det **T4-dag** med utdeling av fireårsboka for **alle som er fødte i siste halvår 2010!** Velkomen til ei koseleg familiegudsteneste, songstund og kyrkjekaffi/soft. Gudstenesta startar **klokka 11.00 i Fjell, Landro og Foldnes kyrkjer**, kom gjerne litt før for registrering.

Sjå T-helsinga som kjem i posten for klokkeslett og program for di kyrkje.

Set av føremiddagen og inviter gjerne fadrar og besteforeldre med! Hugs påmelding, så vi veit kor mange fireårsbøker vi skal ta med!



Velkomen på T-dager i haust

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Rannveig, Elisabeth eller Astrid.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.
- Vil du sjå fleire bilete? Sjekk www.t-dagen.no

T12 – På fest med Sakkeus

Gå ikkje glipp av
T12-dagen
fredag

19. september,
kl. 16.30-21!

Då får du møte
mange historiske
gjestar i og rundt
Foldnes kyrkje:

Peter, Lukas,
Maria Magda-

lena, den lamme mannen – og mange fleire. Saman med
desse skal vi kome På sporet av Jesus.

Det går rykte om at Sakkeus inviterer oss til fest!



Har du fått T12-helsinga i posten? Les meir om dagen der.
Påmelding og meir info på www.t-dagen.no.
Håper å sjå deg på T12!

T14 – Konfirmant kick-off

Onsdag 27. august kl. 18-20
blir det kick off-samling i alle tre
kyrkjene for konfirmantkullet
2015!

Konfirmantar og foreldre/føresette
møter i den kyrkja der dei skal ha
konfirmasjon. Det blir kjekt pro-
gram der de mellom anna får infor-
masjon om dei ulike miljø- og te-
nestegruppene konfirmanten kan
søke på, og det blir enkel servering.
Innmelding til konfirmantåret gjeld
som påmelding til T14.
Velkommen!



T-dagar 2014

- **T-DAGEN** er den årlege trusopplærings-
dagen for barnet og ungdommen!
- **T-DAGEN** er å bli kjent med trua
ein er døypt til!
- **T-DAGEN** er viktig for å erfare at vi er
ein del av kyrkja!

Påmelding, informasjon og bilete:
www.t-dagen.no



T6 Tysdag 19., onsdag 20. og torsdag
21. august i Foldnes, Landro og Fjell
kyrkje: **Skulestartdag.**

T14 Onsdag 27. august i Foldnes, Landro
og Fjell kyrkje: **Konfirmant kick-off.**



T4 Søndag 7. september i
Foldnes, Landro og Fjell kyrkje:
Utdeling av «Mi kyrkjebok».

T12 Fredag 19. september.
Tema: **På sporet av Jesus.**



T7 Søndag 28. september:
**Pilegrimsvandring
Morland – Fjell kyrkje.**

T10 Fredag 7. november:
Planleggingsdag.
Tema: **Bibelen.**



T2 Laurdag 29. november.
Myldredag. Tema: **Størst
i Guds rike.**

T3 Laurdag
29. november. **Myldredag.**
Tema: **Advent.**



T1 Babysong:
Ein måndag i
månaden.

T1+ Veke 49
i Foldnes, Landro
og Fjell kyrkje:
Julevandring.



Velkommen til gudsteneste

Dato	Kyrkjeårsdag	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Dåp	Prest	Takkoffer/merkn.
31/08	12. søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Oppstartsgudsteneste	Dåp/Nattv	Haugland	Eige arbeid
31/08		Foldnes kyrkje	11:00	Ung Messe	Dåp/Nattv	Tveten	Eige arbeid
31/08		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	NLA
31/08		Foldnes kyrkje	18:30	Bibel bønn og lovsang	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Misj.høgsk.
07/09	13.søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Dåp	Haugland	T-4
07/09		Foldnes kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	T-4
07/09		Landro kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Dåp	Nese	T-4
14/09	Vingardssøndagen	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Kopperud	
14/09		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Unneland	Presentasjon av konfirmantar
14/09		Fjell kyrkje	16:00	T-7 Familiegudst.		Unneland	
21/09	15. søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Haugland	Presentasjon av konfirmantar
21/09		Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Presentasjon av konfirmantar
21/09		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Nese	Presentasjon av konfirmantar
21/09		Fjell kyrkje	18:30	Ung Messe	Nattv	Tveten	Presentasjon av konfirmantar
28/09	16. søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Kopperud	
28/09		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv		
28/09		Foldnes kyrkje	18:30	Bibel bøn lovsong	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	
05/10	17. søn i treein.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Haugland	
05/10		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	
12/10	18. søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Konfirmant-jubileum
19/10	19. søn i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Nattv	Unneland	Hausstakkefest
19/10		Foldnes kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Hausstakkefest
19/10		Landro kyrkje	11:00	Familiiegudsteneste	Dåp	Nese	
26/10	Bots og bønnedag	Fjell kyrkje	11:00	Ung Messe	Dåp/Nattv	Tveten	Ten Sing deltek
26/10		Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Haugland	
26/10		Foldnes kyrkje	18:30	Bibel bøn lovson	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	

Med forbehold om endringar i forrettane prest

Årets konfirmant-jubileum 2014

Søndag 12. oktober vert det jubileumsfest i Fjell kyrkje for 40 års-, 50 års-, 60 års-, 70 års- og 75 års-jubilanter.

Hjarteleg velkomne til gudstenesta kl. 11:00 og påfølgande jubileumsfest med god mat og gledeleg gjensyn!

Barnekoret i Landro kyrkje

Vi starter opp med fellesøvinger barne- og tweenskor tirsdag 26. august og tirsdag 2. september, kl. 17.30-18.40.

Fra og med tirsdag 9. september har vi barnekorøving for 1.-4. klasse hver tirsdag kl. 17.30-18.40, og 5.-7. klasse kl. 18.00-19.15 samme tirsdagene.

Fra og med tirsdag 4. november til

og med tirsdag 9. desember er det familiekor kl. 17.30-18.45. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Fredag 31. oktober blir det «HalloVenn» i Ågotneshallen fra kl. 17.00-19.30.

«Vi syng jula inn» i Landro søndag 14. desember.

Vigde

- 24.05.**
Torill Høgøy og Alexander Vollan
- 30.05.**
Ruth-Lidny Yksnøy og Roar Eikanger Aune
- 31.05.**
Vibeke Pettersen og Lidvar Eltervåg
Lena Christine Knutsen Leigre og Øyvind Leigre
- 07.06.**
Trude Stamnes og Hans Joacim Clausen Bakke
Bente Agasøster og Sturle Halleraker
Renate Nygård og Henrik Grung Ertzeid
- 14.06.**
Ida Eline Ågotnes og Endre Askeland
Charlotte Solsvik og Harald Sangolt
Silje Marie Guleng Pettersen og Sindre Lie
- 21.06.**
Linn Christina Hitsøy og Øyvind Hitsøy
Kannika Ninjaranai Mæland og Rune Monsen
- 28.06.**
Gitte Kathrine Fjell og Robert André Larsen
Synnøve Haktorson og Jan Alsaker
Johannessen
- 05.07.**
Elisa Drivenes Blix og Ørjan Blix
- 19.07.**
Britt Elise Telle og Oddvar Oseland
- 26.07.**
Maren Årvik og Torstein Årvik
- 02.08.**
Isabelle Eilertsen og Alexander Eriksen Midttun
Silje Eide og Kristian Justad Eide
- 09.08.**
Kathrine Hordnes Mjeldheim og Per Christian
Arntsen

Døpte

- 18.05.**
Leo Holm-Hellesøy
Styrk Sandvik Stikholmen
- 25.05.**
Vetle Alsaker
Nikolas Eikeland Bekkenes
Stine Tingvoll Ekerhovd
Anna Sofie Thomsen Ekren
Julie Davø Hovland
Ella Beatrix Benitez Løvaas
Aksel Jonathan Sangolt
Sonja Seljelid Vambheim
- 01.06.**
Selina Brekkvassmo
Tobias Lie Olsen
Sander Stordal-Eriksen
Amalie Paulsen Tvedten
Saga Geirrsdottir Valberg
- 08.06.**
Benjamin Johansen
Liam Frøystein Mongstad
Viktor Skaga
Lucas Palmesen Wichne
- 15.06.**
Benjamin Solberg Huseby
Jonathan Løvås Norevik
Mathias Olsen Tveit
- 21.06.**
Mie Nytveit
Gabriel Thiago Soulerè
- 22.06.**
Sofia Kjærgård Amland
Kethlin Krzywinski Farrestvedt Drageide
David Horgen Egeland
Tobias Kaalaas Håland
Tobias Spjeld
- 29.06.**
Levion Hagberg-Molland
Zoe Torp Lombard
Iben Matheo Stendal

- 06.07.**
Sofie Alette Litleskare Bernales
Lucas Eide-Myre
Mathilde Emilie Kringlen
Oskar Steimler Nærдал
- 13.07.**
Johannes Glesnes
- 20.07.**
Alva Noelia Ekren
Kristine Tveit Husby
- 27.07.**
Cilia Lokøy Jensen
- 10.08.**
Henrik Hagen Bratland
Leander Aloysius Gaulen
Lincoln Alexander Lund Johnson
Jørgen Haga Norebø
Lucas Steffensen Sæbjørnsen

Døde

Erling Lie	f. 1924
Thea Ellinor Lie	f. 1927
Gudrun Elida Algrøy	f. 1924
Aslaug Knapkog	f. 1936
Arvid Normann Lie	f. 1951
Anfinn Gjertin Turøy	f. 1931
Karoline Skjelanger	f. 1914
Torborg Foldnes	f. 1921
Borghild Tellnes	f. 1927
Helga Mathilde Skiftesvik Haukenes	f. 1944
Bertil Kjartan Tørum	f. 1942
Carin Märtha Lindgren	f. 1949
Willy Mikkelsen	f. 1955
Inger Oline Morland Snekkevik	f. 1931
Ragnar Fanakrå	f. 1959
Ole Sandal	f. 1925
Gunvor Miranda Aslagsen	f. 1927
Jan-Erik Larsen	f. 1945
Margrethe Magdalena Nesse	f. 1918
Aksel Johan Johansen	f. 1925
Lillian Gjertrud Vinnest	f. 1946
Ingvard Norolf Misje	f. 1947
Jens-Christian Turøy	f. 2011
Einar Oddfred Kristiansen	f. 1932
Jakob Gerhard Ågotnes	f. 1914
Jan Bjarne Kårtveit	f. 1942
Karin Konstanse Birknes	f. 1945
Helge Eriksen	f. 1950
Ken André Riisnes	f. 1973
Martha Kristanse Ulveseth	f. 1922

*Vår Herre Jesus Kristus seier:
«Eg er oppstoda og livet. Den
som trur på meg, skal leva om
han så døyr. Og kvar den som
lever og trur på meg, skal i all
æve ikkje døy.»*

Joh. 11,25-26



T1-dag med Baby Song

Bli med og syng gamle og nye barnesongar!

T1 www.t-dagen.no

Velkomen til alle som er døpte dei tre siste månadene. Vi serverer lunsj. Velg den T1-dagen som passar best:

- 22. sept. kl. 10.30 – 12.30: Landro
- 27. okt. kl. 10.30 – 12.30: Foldnes
- 17. nov. kl. 10.30 – 12.30: Fjell
- 8. des. kl. 10.30 – 12.30: Landro

Påmelding: www.t-dagen.no
Telefon: 55 09 74 62



**Leirstedet til
Midthordland
Indremisjon**




- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement
Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Lenes Bakeri & Catering


Koldtbord m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvert **kr. 175,-**
Luxusnitter **kr. 18,-**
Hvit dame 15 personer..... **kr. 300,-**

Gratis tilkjøring
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

Annonseplass?

Kyrkjeblad for Fjell kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 5. gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpa deg med annonseplass.

Ta kontakt for et tilbod.
Tlf 55097456 eller kristina.eo@fjell.kommune.no

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

Tlf. 56 33 11 50



Royal Cateringservice as

Du har gjerne undra deg over om det fins ein Gud?

I haust arrangerer vi **Alpha-kurs i Sund kyrkje, i Klokkarvik**. Det blir eit kurs der vi lærer om den kristne trua, har fellesskap og kjekke kveldar i lag. Det vert også eit måltid mat. **Oppstart 11. september, kl. 19 – 21.30**. Deretter ein gong i veka fram til 27. november.

Pris kr. 200,-. Dette inkluderer kurshefte og mat. Kurset passar for alle vaksne som er interesserte. Du er veldig velkommen! Påmelding og meir info **innan 9. september** til: kristine.skaftun@sund.kommune.no eller på telefon: **477 07 698** *Arrangør, Sund sokneråd*

Gravferdsannonser

Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Tom Wilson Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sarlor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjørøvin BEGRAVELSESBYRÅ

Gravferd slik pårørende ønsker det. Verdighet. Omtanke. Lavere priser.

DØGNVAKT 55 20 23 00

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet



Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (feks dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: **m. 95 48 36 55**

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Seniorprest Godtfred Haugland	tlf. 55 09 74 51 (a)
Fung. sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Kapellan Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf: 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70



Saman med Karianne Kleppe, går Nils Ivar og Liv Kari Honningdal inn som vikarar på Basecamp. Sindre Supphellen er ny vikar i Landro, og ny ungdomsarbeidar er Trygve Austeng.

Nye folk i staben

Denne hausten dukkar det opp ei rekke nye fjes blant staben.

På Basecamp er det tre vikarar i deltidstillingar medan Marianne Gilje Løining har morspermisjon. Det er Nils Ivar Honningdal, Liv Kari Honningdal og Karianne Kleppe.

Så har vi fått ein ny ungdomsarbeidar i 50 prosent stilling ut året: Han heiter Trygve Austeng.

Og vi har fått ein ny kyrkjjetenar i Landro som går inn som vikar for Rose-Mari Eide Coetzee. Han skal jobbe an-
nakvar helg: Han heiter Sindre Supphellen.

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud, 55 09 74 42 – 90 85 89 39
epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612
epost: unnel@online.no

Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell: kvardagar frå kl 08.00-17.00
55 09 74 40 / 93 41 46 22

elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

ADMINISTRASJON

Kyrkjeverje: Annelaug Børve 55 09 74 48 / 47 30 45 30
epost: annelaug.borve@fjell.kommune.no

Ass. kyrkjeverje: Borghild Hustad Berge
55 09 74 45 – 99 70 69 42

epost: borghild.berge@fjell.kommune.no

Sekretær: Gerd Fjeld Andersen 55 09 74 40

Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 63
epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no

PRESTAR

Fung. sokneprest: Bjarte Nese 55 09 74 52
epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no

Seniorprest: Godtfred Haugland 55 09 74 51

Kapellan: Petter A. Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren

55 09 74 47 - m. 92 29 53 77

epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Ungdomsdiakoner Basecamp 55 09 74 58

– Nils Ivar Honningdal 99 46 88 70

UNDERVISNING

Kateket: Mildred Fjøren Heggernes 55 09 74 49
epost: mildred.heggernes@fjell.kommune.no

Kateket/ t-teamsleiar: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61
epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped. / t-team: Elisabeth M. Jung 55 09 74 62

Kyrkjelydsped. / t-team: Astrid A. Myskja 55 09 74 53

Ungdomsarbeidar Kristine Rikkje Hopland 55 09 74 54

Ungdomsarbeidar Trygve Austeng 55 09 74 54

Følg oss på facebook:

www.facebook.com/groups/147818912015549/

KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no

Organist i Foldnes: Endre Dävøy 56 32 41 90

Organist i Landro: Eline Olsen 90 60 53 32

DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55 – 93 07 07 41
epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Lærekandidat: Vegard Lynglund

Kyrkjjetenarar i Fjell: Ingvald A. Malmø 56 33 25 01

Kyrkjjetenar i Foldnes: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Kyrkjjetenar i Landro: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL SOKNERÅD

Soknerådsleiar: Dag Olav Bjørøy 917 51 706

Kyrkjelydsutvalet i Fjell:

Anne Elisabeth Hornnes 913 87 733

Foldnes kyrkjelydsutval:

Torhild Smith Wiker 926 54 475

Kyrkjelydsutvalet i Nordre Fjell:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit 995 90 448

www.fjell-kyrkjelyd.no

www.t-dagen.no

www.basecamp-sotra.no

Ny på Sotra?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell. Du er hjarteleg velkommen!

Foldnes kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudstene). Kontakt: Maria Wergeland

Treff – i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30 - 14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Bibel, bøn og lovsong. Sisten søndag kvar månad kl 18.30.

Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Lukas Tensing – Måndagar frå kl. 18.30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Ungdomslaurdag – i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

KM Kluzz – annankvar tysdag kl. 16.30 til 18.45. For heile familien!

Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61

Mannsgruppa. Kyrkjelydssalen i Foldnes ein torsdag i månaden.

Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

Fjell kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Tweensklubben – i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudstene). Kontakt: Torun Svennevik, 976 71161

Retreatkveldar – Ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød

Gjenbrukskveld – ein måndag i månaden. Frå kl. 19.00 i kyrkjelydsalen. Ta med gammalt tøy og sy nye skattar.

Vokalensemblat Sotra Reviderte. For alle som vil synge i a-capellakor, tysdagar kl.19.00-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

Fjell kyrkjebrass. Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl.20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

Fjell barne- og tweenskor. Annankvar tysdag på oddetallsveker.

1.-4.klasse 17.30-18.30. 4.-6.klasse 18.00-19.00.

Kontakt: Kari Mortensen 411 22 323.

Landro kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Onsdagsmøte - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

Taco-fredag – ein gong pr. mnd. kl. 17-19, første gong 26. september.

Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

Nordre Fjell barnekor – for deg som går i 1.-3. klasse, tysdagar kl. 17.30-18.40. Kontakt Eline Olsen 906 05 332

Nordre Fjell Tweenskor – for deg som går i 4.-7. klasse, tysdagar kl. 18.00-19.15. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Treff i Landro – siste onsdag pr mnd. kl. 11.30-14.00.

Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Landroklubben – i kyrkjelydssalen fredagar kl. 18.30-20.00. for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

For meir info og mailadresser, gå inn på www.fjell-kyrkjelyd.no



FARGELEGG HAGEN

BARNE- KRYSSORD



Vannrett

1. I senga
5. Einar Nilsen
6. Viser tiden
7. I mørke er alle katter ...
9. «Et øyeblikk»

Loddrett

1. Guttentavn
2. Lite barn
3. Utflukt
4. Eksisterer
8. Åse Tellnes

Bli med i trekninga av en stor valgfri PEPPES PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.
Merk konvolutt: «Kryssord»



Vinnar av Barnekryssord i nr. 3 2014:
Kristine Kårtveit Solsvik,
Vestsidvegen 650,
5363 Ågotnes

Navn:.....

Adresse:.....

.....